

INFORMASJON OM NYE SOGNDAL, 3/18.

INNLEIING

Ein jobbar med for å få på plass den nye toppleiargruppa, dette er tilrådd som prioritert oppgåve ifrå KS og ifrå dei hovudtillitsvalde, rådmennene og Ordførarane. Administrativ styringsgruppe har drøfta vidare prosess. Sist veke gjennomførte Stig Arne såleis samtalar med rådmennene, kommunalsjefane og med dei tre økonomisjefane i Leikanger, Balestrand og Sogndal.

Seniorrådgjevar Gro Mykkeltvedt ifrå rekrutteringsselskapet GCC (Bergen/Campus Sogndal) har kalla inn aktuelle personar til ytterlegare kartlegging og samtalar.

Mykkeltvedt vil som ekstern konsulent gje si faglege og uavhengige vurdering og tilråding om samansetjing av den framtidige leiargruppa. GCC si heilskaplege vurdering vil sjå på korleis personane vil fungera ilag over tid, samt mellom anna vurdera komplementære ferdigheiter, korleis ein gjer kvarandre gode, leiareigenskapar mv.

Stig Arne vil orientera Administrativ styringsgruppe om si avgjerd basert på eksterne råd, samt føreta innplassering i dei ulike rollene. Ein vil òg føreta eventuell utlysing av stillingar dersom GCC tilrår det.

Medarbeidarar er den viktigaste ressursen i kommunane våre. Leiing vert då viktig. Den nye leiargruppa skal vera både utviklingsorientert og strategisk, samstundes skal ein involvera, motivera og setja tydelege mål. Kvar og ein av oss har eit stort medansvar for at me når måla våre, at me driv gode tenester med fokus på effektivitet og kvalitet. Me er mellom anna i teneste for innbyggjarane og for næringslivet vårt; enten det no gjeld Guri på 98 år som treng heimetenester, eleven Jonathan på 6, eller for Geir som driv verksemd og som vil byggja ut, eller for...osb.

Nye Sogndal skal ta vare på det beste frå dei tre organisasjonane (**og det er svært mykje bra!!!**), samstundes skal me byggja noko heilt nytt. Nye Sogndal skal framleis ha kompetente, motiverte og dyktige medarbeidarar i alle ledd. Det skal vera effektivt men og gøy, kjekt og trygt å gå på jobb. Det å ta del i eit arbeidstelleskap for å løysa heilt sentrale samfunnsoppgåver, eller for å halda maskineriet og organisasjonen internt i gang er viktig. Derfor er det slik at uansett kvar du jobbar, uavhengig av stilling eller utdanning så er DU viktig. Det er berre saman at me greier å etablere ein ny felles kultur i ein heilt ny organisasjon. Og det er berre saman me greier å løyse oppgåvene på tvers av tidligare kommunegrenser og på tvers av fag og profesjon. Og det er lov å vera grei og kjekk med kvarandre, og det er kjekt å framsnakka det som går bra, og det er lov å gje ein klapp på skuldra til dei som gjer det «vetle» ekstra for deg, eller for Guri på 98 år. Det er og meir enn greit å inimellom gje ho på nabokontoret, eller han du deler vakt med ein kopp kaffi.....


For å styrka prosjektet har me med god hjelp av personalavdelinga i Sogndal (takk Bente!) rekruttert 2 delprosjektleiingar sist veke i hhv. 40% stilling og 30% stilling. Dei vil jobba med ulike delprosjekt, planar, analyser og tiltak. Dei to nye er Aase Bruntveit Njøs (Leikanger kommune) og Merethe Relling Trettenes (Sogndal kommune). Omstillingsavtalen har me òg arbeidd mykje med, den er jo mykje lik på tvers av ulike kommunesamanslåingar. Det er Partssamansett utval (PSU) som godkjenner avtalen 15.mai 2018.

Best hels Stig Arne Thune, Prosjektrådmann/Rådmann

4.mai 2018:

117 dagar til personaltreffet

1 år, 34 veker, og 4 dagar til me er ein ny felles storkommune 01.01.2020.



Aase og Merethe



Nye
Sogndal
kommune



INFORMASJON

NÆRINGSKONFERANSEN 2018

Kommunar har ei svært viktig rolle for å leggje til rette for vekst, næringsutvikling og for å vidareutvikle gode rammer for næringsliv og andre aktørar.

Nye Sogndal kommune ved Ordførar Harald Offerdal, Rådmann Svein Arne Skuggen Hoff og Prosjekt rådmann Stig Arne Thune deltok på deler av årets næringskonferanse i vakre Balestrand. Tema var mellom anna korleis sikra næringsliv vekst og utvikling. Me fekk sjå gode døme på digitalisering, samt høyra om gode døme på eit inkluderande arbeidsliv for menneske med ulik bakgrunn, ulike behov og ulike ståstarar. Det er til liks med mange kommunar, også mange private verksemdar som tek eit stort ansvar for at mange kjem seg ut i arbeid, deltaking og inkludering. Alle har ressursar og alle kan bidra og alle kan utvikla seg! Nye Sogndal hadde stand med roll-up og kontaktdata til dei tre ordførarane dersom næringsliv skulle ønskje å ta kontakt, utvide eller kome til Balestrand, Leikanger eller Sogndal.



UNGDOMSRÅDET I SOGNDAL



Ordførar Jarle Aarvoll har gjennomført møte med Ungdomsrådet i Sogndal. Det er viktig å høyra barn og unge sine perspektiv for den nye kommunen. Ordførarane skal òg ut til alle skulane for å høyra kva barna er opptekne av.

Du kan lesa meir om ungdommane sitt møte og ungdomsrådet sine innspel til Ordføraren på

www.nye.sogndal.kommune.no



Omstillingsavtale

for tilsette i kommunane Balestrand,
Leikanger og Sogndal.
NYE SOGNDAL KOMMUNE



MØTE I KOMMUNAL OG MODERNISERINGS- DEPARTEMENTET



Ordførar Harald Offerdal er fredag 4. mai 2018 invitert til politisk leiing og til møte i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Saka gjeld grensejusteringa i Nessane.

Ordføraren har invitert med seg dei to ordførarkollegaene Jon Håkon Odd frå Leikanger og Jarle Aarvoll frå Sogndal.

Ein vil ovanfor politisk leiing i departementet gjera greie for vedtaket i Balestrand kommunestyre 06.03.2018, og for vedtaket i Fellesnemnda for Nye Sogndal kommune 07.03.2018.

Utkast Omstillingsavtale kan du sjå på www.nye.sogndal.kommune.no
Ein skal ha møte med HTV 9/5 om avtalen. Den skal vidare til PSU



Nye
Sogndal
kommune



ARBEID MED PERSONALFELTET



Som vi nemnde i vårt førre nyhendebrev er dei personalrelaterte arbeidsoppgåvene knytt til kommunesamanslåinga svært omfattande, tidkrevjande og viktig å kvalitetssikra, ikkje minst prosessuelt og formaljuridisk.

I ei stor omstillingsprosess som kommunesamanslåinga er, ser vi oss tente med å samarbeide, hauste erfaringar og få gode råd frå kommunar som er i same situasjon som oss, og som gjerne har kome noko lengre i prosessen enn det vi er.

For å sikre god framdrift i utviklingsarbeidet drog dei 3 personalleiarane i Balestrand, Leikanger og Sogndal saman med Marit Hagevik, til Førde kommune for å få gode råd, men òg for å hauste frå deira erfaringar på personalfeltet knytt mot etableringa av framtidige Sunnfjord kommune.

Grappa møtte ein fantastisk positiv og velvillig Jan Birger Moe, som er personalleiar i Førde kommune . Han hadde sett av godt med tid, og delte villig vekk både erfaringar og dokument. Vidare delte han mange refleksjonar rundt ulike utfordringar og smarte arbeidsformer, og har bidrege godt til vårt vidare arbeid for å nå målsettingane innan knappe tidsfristar.

Tema i samarbeidsmøtet mellom NYE SOGNDAL og NYE SUNNFJORD var mellom anna:

1. **Overordna tidsplan**
2. **Omstillingsavtale**
3. **Arbeidsavtale og arbeidsreglement**
4. **Prosjektoversikt og direktiv**
5. **Tidsplan og form på tilsetjingar m/utvalskriterier**
6. **Form og innhald på avklaringssamtalar**
7. **Løn, godgjeringsrutinar og frikjøp**
8. **Informasjon og gjennomføring av ROS-analysar**
9. **Samhandling og samarbeid med tillitsvalde**

Me er takknelege for fagleg deling og rausheit frå vår nye framtidige nabo i Sunnfjord.

Me ser fram til vidare samarbeid!



Førde kommune (har kanskje eit av dei kulaste, beste og mest funksjonelle rådhusa i Noreg), **og dei tok svært godt imot delegasjonen frå Nye Sogndal.**

Personalsjef Jan Birger Moe i Førde kommune har villig delt sine erfaringar, kompetanse og refleksjonar, med oss i Nye Sogndal i samband med deira etablering av Nye Sunnfjord



ENTREPRENØRSKAPSMESSE I BALESTRAND

Heile 400 8.klassingar deltok på entreprenørskapsmessa i Balestrand 3. mai. Fleire gode elevbedrifter frå dei ulike ungdomsskulane i Sogn presenterte bedriftene sine og dei ulike prosjekta.

8. klasse ved Kvåle skule syner fram eit framtidsbilde ved skulen. Og dei har tydelege bidrag i sitt syn på nytt kommunevåpen fram.



Ungt Entreprenørskap har 10 års jubileum i Balestrand. Spennande program og flotte elevbedrifter frå alle kommunane i Sogn regionråd sitt rike.



Ordførarane Jon Håkon Odd, Harald Offerdal og Jarle Aarvoll var imponerte over det engasjementet, kreativiteten og dugleiken elevane viste.




Til møtet om personalrelaterte tilhøve i Førde tok Kommunalsjef Marit Hagevik sin egen bil, medan personalsjefen Alf frå Balestrand valde å sykle, personalsjefen i Leikanger Dagrun vada oppover og personalsjefen Bente valde å gå på ski...

Anten du har
fri, -eller skal
jobbe:
Nyt helga!

DATO	Aktivitatar og hendingar
2. og 3. mai	<ul style="list-style-type: none"> Næringskonferansen 2018, Balestrand. Sogn regionråd har møte i Balestrand, dei tre Ordførarane deltek. Nasjonal ryddedugnad!
4. mai	<ul style="list-style-type: none"> Harald Offerdal er invitert til politisk leining i Kommunal –og Moderniseringsdepartementet, Ordførarane Odd og Aarvoll er med. Sak; grensejustering i Nessane. Prosjekt rådmann og Sogn Næring har møte. Marit Hagevik tek til i Leikanger 40%. Politikarane Trude Risnes og Rita Navarsete er på skulebesøk om kommunevåpen
5. mai	Nye Sogndal og politisk arbeidsgruppe deltek med stand og brosjyrer i Balestrand under Balejazz; tema er lokaldemokrati, kultur, identitet og nytt kommunevåpen. Har du lyst å bidra med teikning til kommunevåpen? postmottak@sogndal.kommune.no
7. mai	<ul style="list-style-type: none"> Ordførar Aarvoll førete høgtimeleg opning av den nye gang- og sykkelvegen RV55 frå Fardal til Ylvisåker. Politikarane Trude Risnes og Rita Navarsete er på skulebesøk om kommunevåpen Prosjektgruppa har fast måndagsmøte. Arbeidsgruppe Helse og omsorg skal gjennomføre møte på Leikanger.
8. mai	<ul style="list-style-type: none"> Ordførar Aarvoll har bedriftsbesøk til Lerum fabrikk. Ordførar Offerdal har årsmøte i Fjordvegen, Rute 13 Vik. Ordførarane har ulike arrangement i høve frigjeringsdagen, og Ordførarane er inviterte til høgtimeleg frigjerings- og veteranfeiring i Sogndal. Klokka 18.00 vert det tale og markering ved Krigsminnesmerket i Sogndal sentrum (utanfor Lægrehid hotell). Planavdelinga i Sogndal har open kontordag på kommunehuset i samband med revisjon av arealdel til kommuneplan.
9. mai	<ul style="list-style-type: none"> Ordførarane har Rådsmøte med musea våre. Orienteringsmøte for tillitsvalde om utkast til omstillingsavtale i Leikanger tinghus I.
11. mai	<ul style="list-style-type: none"> Ordførar i Sogndal vigslar eit par. For nokre er det konfirmasjon i desse dagane.
15. mai	<ul style="list-style-type: none"> Partssamansett utval har møte. Leiar er Ordførar Jon Håkon Odd. Sak; Omstillingsavtale.

BLI KJENT-FOND

Det er med store forventningar vi freistar å etablere eit «BLI KJENT-FOND». Lag, organisasjonar og eldsjeler kan søkje eingongstilskot frå dette fondet. Målet er å skapa aktivitet på tvers av kommunegrensene. Kvar søkjar kan motta inntil kr 10.000 for arrangement eller samarbeid der organisasjonar frå alle tre kommunane er involverte. Kanskje du har ein ide for aktivitet på tvers av dagens kommunegrensar? Meir info kjem!



Viser Stig Arne døme på allsidig leiarskap i ein omstillingsprosess ...???, ...eller er det å måle eit bord frå Jysk mellom to møter uttrykk for avkopling...?eller kan det og ha seg slik at han meiner at bord skal vera grå? (Det høyrer med til historia at han ikkje eneste fotografen Kjell Einar Barsnes som sto å flirte godt av prosjektrådmannen som låg på golvet i ei målande stund).



Konserndirektør i Fjord 1 Dagfinn Neteland, på podiet under Næringsdagane Balestrand 2. mai 2018 sa mellom anna følgjande om leining og medarbeidarar:
«Eg var så lei sure folk, så no har me etterkvart heldigvis fått stadig færre sure folk...ulike grunnar til det. Nokre av dei som var sure har fått att smilet (...), medan nokre har slutta. Me har trass alle utfordringar, det ganske så bra dersom me løftar blikket og ser litt rundt Og det er berre ilag me greier å skape resultat!»....